Høgskulen på Vestlandet

HVL-rapport nr. 8
2022

# Rapport om pilotprosjektet - Bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt

Av Sissel Hjelle Øygard og Hanne-Marie Heggdal

© Sissel Hjelle Øygard og Hanne-Marie Heggdal

Fakultet for helse- og sosialvitskap
Institutt for helse- og omsorgsvitskap

Høgskulen på Vestlandet
2022

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 8-2022

**ISSN** 2535-8103
**ISBN** 978-82-8461-003-0

Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar. https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/

# Samandrag

Denne rapporten beskriv bakgrunn, føremål, utvikling, gjennomføring og evaluering av eit pilotprosjekt som har lagt til rette for å gjennomføre bacheloroppgåve i sjukepleie som eit empirisk prosjekt.

Det vart utarbeidd to forskingsprosjekt som studentane i pilotprosjektet deltok i.

Studentevalueringa synte at studentane hadde godt læringsutbytte av å delta i eit forskingsprosjekt. Dei fekk ei særeiga forståing for og innsikt i heile forskingsprosessen. Dei positive erfaringane deira med denne deltakinga, og støtte i forskings- og faglitteratur i forhold til at «å lære ved å gjere», gav grunnlag til å arbeide vidare med å implementere bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk studie i studieplanen.

Studentevalueringane gav også grunn for å gjere endringar i undervisninga i forskingsmetode. Denne omtalte studentane som «stykkevis og delt».

Rettleiarerfaringane er samanfallande med studentane sine erfaringar. Rettleiarane sakna i tillegg meir relevant skrivetrening, og høgre akademisk kunnskap før oppstart med bacheloroppgåva.

I emnet *SYK110 Danning og akademisk handverk,* og ny retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie, ser ein at forslag utleia frå dette pilotprosjektet er implementerte.

EMNEORD: sjukepleiarutdanning, sjukepleiarstudentar, forskingsopplæring, studentinvolvering

# Forord

Arbeidet med dette prosjektet starta i 2016 ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for helsefag.

1. januar 2017 vart Høgskulen på Vestlandet (HVL) etablert, då Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund fusjonerte.

Etter fusjonen var arbeidet med å utgreie bacheloroppgåve som empirisk prosjekt minst like aktuelt. Fusjonen og nye nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane, medførte at prosessen med å endre studieplan, emneplanar og læringsutbyttebeskrivingar vart endra.

I januar 2018 starta arbeidet med å utarbeide nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS) (Regjeringen, 2019). Dette utviklingsarbeidet hadde som føremål å utarbeide minstestandardar for sluttkompetansebeskrivingar for alle grunnutdanningar innan helse- og sosialfag. Desse er no nedfelte i Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019).

På bakgrunn av det nasjonale arbeidet med å utarbeide nye retningslinjer for sjukepleiarutdanningane, vart det gjort vedtak om at alle bachelorutdanningane i sjukepleie ved HVL skal ha ein felles studieplan. Denne skal gjelde frå og med studieåret 2020/2021.

Vi kunne dermed ikkje utarbeide eigne emneplanar, og forslag til endringar måtte difor spelast inn til aktuelle arbeidsgrupper, som har utarbeidd det faglege innhaldet i emneplanane.

Prosjektgruppa for pilotprosjektet var førstelektor Sissel Hjelle Øygard, høgskulelektor Hanne-Marie Heggdal og professor Siri Ytrehus.

Rapporten er utarbeida av prosjektleiar Sissel Hjelle Øygard og Hanne-Marie Heggdal. Rekkefølga på forfattarane uttrykker grad av deltaking i arbeidet med rapporten.

Målgruppa for denne rapporten er rettleiarar på bacheloroppgåve, forskingsgruppeleiarar i HVL og Helse Vest.

Intern fagleg kvalitetssikring er utført av førstelektor Irene Aasen Andersen.

Fagfellevurdering er utført av førsteamanuensis Ole Tormod Kleiven.

Førde, 18.11.2022

Sissel Hjelle Øygard Hanne-Marie Heggdal

# Innhald

Samandrag ... 3

Forord ... 4

Innhald ... 6

1 Innleiing ... 8

2 Dagens rammer for metode- og forskingsopplæring ... 10

3 Bacheloroppgåva i dag ... 12

4 Pilotprosjektet -Bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt ... 14

4.1 Ide, etablering av prosjektgruppe og utvikling av forskingsprosjekt ... 14

4.2 Informasjon og rekruttering ... 15

4.3 Utarbeiding av planar og retningslinjer ... 15

4.3.1 Prosjektplan bacheloroppgåve i sjukepleie – empirisk studie ... 15

4.3.2 Auka tidsramme for bacheloroppgåva ... 16

4.3.3 Avtale om gjennomføring av bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt ... 16

4.3.4 Retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk studie ... 17

4.4 Gjennomføring av undervisning og rettleiing i pilotprosjektet ... 18

4.4.1 Undervisning ... 18

4.4.2 Rettleiing ... 18

4.5 Status for gjennomføring av pilotprosjektet ... 19

4.6 Studentinvolvering i forsking – sjukepleiarstudentar sine erfaringar med å delta i gjennomføringa av eit forskingsprosjekt ... 19

4.7 Rettleiarane sine erfaringar ... 19

4.8 Samanfatning av erfaringar ... 20

4.9 Forslag til endringar ... 20

5 Vegen vidare ... 24

Litteraturliste .......... 25
Vedlegg 1 Retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie - litteraturstudie .... 27
Vedlegg 2 Tidsakse for bacheloroppgåva - litteraturstudie .......... 32
Vedlegg 3 Retningslinje for prosjektplan bacheloroppgåve i sjukepleie – litteraturstudie .......... 33
Vedlegg 4 Søknadsskjema om deltaking i empirisk prosjekt .......... 34
Vedlegg 5 Retningslinje for prosjektplan bacheloroppgåve i sjukepleie – empirisk studie .......... 36
Vedlegg 6 Tidsakse for bacheloroppgåva - empirisk studie .......... 37
Vedlegg 7 Avtale om gjennomføring av bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt .......... 39
Vedlegg 8 Kontrakt om pliktar og rettar som student i eit forskingsprosjekt ved AHF .......... 43
Vedlegg 9 Retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie - empirisk studie ... 45
Vedlegg 10 Revidert retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie – empirisk studie .......... 50
Vedlegg 11 Lenke til artikkel Studentinvolvering i forsking. .......... 55

# 1 Innleiing

Denne rapporten beskriv bakgrunn, føremål, utvikling, gjennomføring og evaluering av eit pilotprosjekt som har lagt til rette for å gjennomføre bacheloroppgåve i sjukepleie som eit empirisk prosjekt. Pilotprosjektet vart gjennomført i perioden august 2016 - juni 2017.

Å maksimere sjukepleiarstudentane sin kunnskap om forsking og kunnskapsbasert praksis, er viktig for å sikre høg kvalitet i sjukepleia. Difor er det eit uttalt statleg mål at profesjonsstudentar i større grad skal få høve til å delta i forsking. I forskingsmeldinga *Lange linjer – kunnskap gir muligheter* (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 66) heiter det at «det er ønskelig at studentene involveres i forsknings- og utviklingsarbeid allerede på bachelornivå». Dette kan gjennomførast gjennom deltaking i lærarar sine FoU-prosjekt, og ved å utføre eige FoU-arbeid.

I Høgskulen i Sogn og Fjordane sin handlingsplan for FoU 2013-2017 var studentinvolvering i forsking eit hovudsatsingsområde. Denne satsinga er også vidareført ved Høgskulen på Vestlandet, som har som mål å utvikle ny kunnskap som bidrar til å løyse utfordringar i samfunnet i eit berekraftig perspektiv. Forskingsverksemda skjer i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt forskarfellesskap, og studentar og samarbeidspartnarar blir involvert (Høgskulen på Vestlandet, 2019a).

Kompetanse til å utføre prosjekt, evaluere og kvalitetssikre eiga utøving av sjukepleie, og kompetanse til å delta i klinisk forsking, har vore framheva som viktige faktorar for å kunne arbeide forskingsbasert i helsevesenet (Burke et al., 2005; Hansen & Kahn, 2016; Mjøberg, 2016).

Utdanningsinstitusjonane har eit stort ansvar for å lære sjukepleiarstudentar å forstå, vurdere og nytte forsking, og dermed gjere dei i stand til å sikre kvalitet og kostnadseffektive helsetenester (Christie et al., 2012).

John Dewey er kjend innan læringspedagogikk, og «Learning by doing» er blitt sentralt når ein beskriv ein student som er aktiv i læresituasjonen og der læraren

rettleier (Pettersen, 2005). Dewey peikar på at læring skjer gjennom å undersøke («inquired based learning»), som resulterer i at studentane aukar sin kunnskap og innsikt. Vidare meiner han at metodane som vert nytta i forsking, bør vere eit forbilde for korleis læringsprosessen bør organisertast i utdanninga. Dette er grunnen til at studentane bør lære å forske.

Det er utfordrande for sjukepleiarstudentar å lære og forstå forsking, og omfattande og komplekse læringsprosessar er kravd (Jacobsen & Andenæs, 2011). Mange har peikt på at krav til sjølvstende og ein kombinasjon av fleire ulike læringsaktivitetar og pedagogiske metodar, er faktorar som kan gjere sjukepleiarstudentar i stand til ei forskingsbasert yrkesutøving (Christie et al., 2012; Johnson et al., 2010; Sidebotham et al., 2014; Smith-Strøm & Nortvedt, 2008).

I dette pedagogiske utviklingsprosjektet, vil vi på grunnlag av pedagogisk teori og tidlegare forsking om opplæring av studentar i forsking, gjere greie for styrker og svakheiter ved ulike metodar for forskingsopplæring, og la dette danne grunnlaget for vidareutvikling og tilrettelegging av emna der studentane skal få kunnskap og ferdigheiter om forsking. Kapittel 2 handlar om dagens rammer for metode- og forskingsopplæringa ved HVL si bachelorutdanning i sjukepleie i Førde. I kapittel 3 gjer vi greie for korleis bacheloroppgåva i dag er utforma, og korleis emne *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie* vert gjennomført. Kapittel 4 handlar om pilotprosjektet -*Bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt*. I kapittel 4.1 beskriv vi utviklinga av forskingsprosjekta som studentane fekk tilbod om å delta i. Kapittel 4.2 handlar om korleis studentane vart informerte og rekrutterte. I kapittel 4.3 beskriv vi utarbeiding av planar og retningslinjer. Gjennomføring av undervisning og rettleiing er gjort greie for i kapittel 4.4. Vidare blir status for gjennomføring av prosjektet gjort greie for i kapittel 4.5. I kapittel 4.6 beskriv vi sjukepleiarstudentar sine erfaringar med å delta i gjennomføringa av eit forskingsprosjekt, medan rettleiarane sine erfaringar er beskrivne i kapittel 4.7. I kapittel 4.8 og 4.9 samanfattar vi erfaringar og føreslår endringar. Det vert gjort greie for planar for vidare utvikling av forskingsopplæringa og bacheloroppgåve i sjukepleie i kapittel 5.

# 2 Dagens rammer for metode- og forskingsopplæring

Dagens undervisningsopplegg i vitskapsteori og forskingsmetode er tilpassa og utarbeidd i samsvar med Rammeplan og forskrift for sykepleierutdanning fastsett av Kunnskapsdepartementet 25. januar 2008, med heimel i lov av 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular (Kunnskapsdepartementet, 2008). I emnebeskrivinga frå 2016/17 (Høgskulen på Vestlandet, 2019b) bestod temaet *SK151 Sjukepleiaren sitt ansvar i kvalitetsutvikling og forsking* av totalt fem studiepoeng (stp). Undervisninga i vitskapsteori og forskingsmetode er fordelt på to studieår, og er delvis integrert med anna undervisning.

Tabell 1 viser ei oversikt over progresjonen i kunnskapsnivået og studiepoengfordelinga.

Tabell 1. *SK151 Sjukepleiaren sitt ansvar i kvalitetsutvikling og forsking* i følgje emneplan 2016/17

| Studieår | Vitskapsteori og forskingsmetode | Læringsutbytte | Studiepoeng |
|---|---|---|---|
| 1. år | • Introduksjon til vitskapsfilosofi<br>• Kunnskapsformer og vitskapsteoretiske retningar i helse- og sosialfag<br>• Akademiske krav til skriftleg tekst | • Utforme ein kortare akademisk tekst<br>• Nytte oppgåve-tekniske og etiske retningslinjer ved skriftlege studentarbeid<br>• Nytte forsking for å belyse ei problemstilling | 1,5 |
| 2. år | • Vitskapsteori som grunnlag for forsking<br>• Kunnskapsbasert praksis; omgrep, prosess og implementering<br>• Generelle krav til spørsmålsformulering<br>• Forskingsprosessen | • Kunnskap om vitskapsteori og forskingsmetode<br>• Gjennomføre systematisk litteratursøk<br>• Vurdere og nytte forsking for å | 3,5 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Forskingsetikk | belyse ei problemstilling<br>• Kjennskap til forskingsetiske problemstillingar | |

I den føreliggande studieplanen som brukast no, har studentane undervisning i vitskapsfilosofi og –teori i første studieår. Vidare får dei undervisning om krav til utforming av akademiske tekstar. Undervisninga inneheld også gjennomgang av etiske- og oppgåvetekniske retningslinjer for oppgåveskriving. I tillegg tilbyr biblioteket undervisning og rettleiing i litteratursøk, kjeldekritikk og referansehandteringsprogrammet EndNote. Deretter får studentane ulike arbeidskrav i emne som går samstundes, og i påfølgjande emne gjennom første og andre utdanningsår.

I tredje eller fjerde semester får studentane undervisning i kvalitativt og kvantitativt forskingsdesign, forskingsetikk, kunnskapsbasert praksis, systematisk litteratursøk og kritisk vurdering av forskingsartiklar. Emnet vert avslutta med ein gruppeeksamen over tre dagar, der oppgåva er å kritisk vurdere ein kvantitativ og ein kvalitativ artikkel ved hjelp av skjekklister for kritisk vurdering av forskingsartiklar.

# 3 Bacheloroppgåva i dag

Dagens bacheloroppgåve er utforma som ein litteraturstudie, der studenten skal drøfte ei sjukepleiefagleg problemstilling i lys av relevant teori, forsking og erfaringsbasert kunnskap (vedlegg 1). Med litteraturstudie er det meint at oppgåva hentar data frå eksisterande fagkunnskap, forsking og teori (Dalland, 2017). Det kan vere ei hending eller eit samfunnsproblem studenten ønskjer å finne ut noko om.

Det pedagogiske førebuingsarbeidet til bacheloroppgåva består i, og er organisert som, eigne temadagar. Introduksjon til bacheloroppgåva vert gitt på ein temadag i starten av sjette semester. På temadagen presenterer faglærar retningslinje for bacheloroppgåva, etiske- og oppgåvetekniske retningslinjer, og viser døme på litteratursøk og korleis desse bør presenterast. Hovudfokuset på denne temadagen er gjennomgang av retningslina for bacheloroppgåva, med klargjering av forventningar og krav som er nedfelte i studieplanen. Det vert også presisert at metodeopplæringa i emne *SK151 Sjukepleiaren sitt ansvar i kvalitetsutvikling og forsking* bør repeterast, og skal nyttast i metodekapittelet i bacheloroppgåva.

Arbeidet med bacheloroppgåva er organisert i sjette semester, og går integrert i emnet *SK159 Førebuing til arbeidslivet*. Vidare vert tidsaksen for bacheloroppgåva gjennomgått med særleg vekt på å informere om å levere inn førebels tema og problemstilling for oppgåva før praksis (vedlegg 2). Studentane går no ut i seks vekers fordjupingspraksis. Innan praksisslutt får dei tildelt rettleiar, der vi prøver å tildele rettleiar etter tema som rettleiar har spesialkompetanse i. Dei fleste rettleiarane rettleier på om lag fire til seks oppgåver, og får såleis ei studentgruppe på fire til seks studentar som ønskjer å skrive oppgåve innanfor same tematikk, t.d. rus eller demens.

Sjølve bacheloremnet, *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie*, går over åtte veker i sjette semester.  Måndag i første veka startar vi med *Seminardag I.* Dei pedagogisk ansvarlege innleier seminardagen med ein kort repetisjon av det viktigaste frå temadagen, før faglærar startar med ein gjennomgang av krav og forventningar til prosjektplanen for bacheloroppgåva (vedlegg 3). Prosjektplanen

er eit arbeidskrav som må vere vurdert til greidd før ein kan framstille seg til eksamen. Resten av *Seminardag I* er via til undervisning i litteratursøk og individuell rettleiing i litteratursøk. Både lærar og bibliotekar deltek i rettleiinga.

Studentane arbeider med prosjektplanen ei veke, og sender denne til rettleiar og medstudentar innan fastsett frist. Rettleiar møter deretter sine studentar til *Seminardag II*. Denne seminardagen er via drøfting av utkast til prosjektplan i gruppe, samansett av rettleiar og medstudentar med same rettleiar. Både rettleiar og medstudentar gir munnleg respons på arbeidet ein har gjort. Deretter har studentane om lag ei veke til å ferdigstille og levere prosjektplanen. Vurdering frå rettleiar skal føreligge fem arbeidsdagar etter innleveringsfristen. Studentar som får vurderinga ikkje greidd på prosjektplanen, får tilbakemelding på kva som må forbetrast, og ny innleveringsfrist.

Studentane får tilbod om inntil to rettleiingstimar à ein time, i tillegg til oppgåveseminar og godkjenning av prosjektplan. Det er obligatorisk å delta på minst ei individuell/parvis rettleiing i skriveperioden. Student og rettleiar avtalar tidspunkt for rettleiingstimane, og kva form rettleiinga skal ha. Rettleiinga kan vere skriftleg, munnleg, både skriftleg og munnleg, og kan gjennomførast ved oppmøte eller på telefon/skype. Det er krav om at rettleiar skal ha lektorkompetanse.

Veka etter innlevering av bacheloroppgåva, må studentane delta på munnleg presentasjon og/eller posterpresentasjon av oppgåva.

Etter fullført emne skal studentane ha tileigna seg følgjande læringsutbytte: 1) drøfte sjukepleiefaglege problemstillingar i lys av relevant teori, forsking og erfaringsbasert kunnskap, 2) syne kunnskap om metodar som vert nytta i forsking og fagleg utviklingsarbeid, 3) utføre systematiske litteratursøk, 4) vurdere og nytte teori og forskingsresultat og knytte dette opp mot konsekvensar for sjukepleiepraksis, 5) planlegge og gjennomføre eit prosjekt, 6) forstå betydinga av nytenking og innovasjon og 7) vurdere etiske problemstillingar på individ- og samfunnsnivå.

# 4 Pilotprosjektet -Bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt

## 4.1 Ide, etablering av prosjektgruppe og utvikling av forskingsprosjekt

Ideen og motivasjonen til å starte arbeidet med å gjennomføre bacheloroppgåva som eit empirisk prosjekt, var å auke interessa for og kunnskapen om forsking. I tillegg ønskte vi å få eit grunnlag for å kunne vurdere om studentane vil ha moglegheit til å gjennomføre bacheloroppgåva med eiga datainnsamling.

Ideen vart drøfta i emnegruppemøte, og emneansvarleg Sissel Hjelle Øygard presenterte den for leiinga. Leiargruppa gav si støtte, og instituttleiar var tilgjengeleg for rådgjeving og godkjenning av naudsynte forslag til endringar i emneplan og årsplan. På personalmøtet i august 2016 var temaet FoU-basert utdanning og studentinvolvering i forsking hovudtema, og emneansvarleg innleia temaet *Kvalitets- og forskingsarbeid i bachelorutdanninga*. Her vart ideen presentert og diskutert i grupper basert på konkrete spørsmål frå innleiinga. I møtet var det stort sett positive tilbakemeldingar til ide og opplegg, i tillegg til at vi fekk gode innspel om utfordringar som vi ikkje hadde tenkt på. Dermed var det vidare arbeidet med å utforme pilotprosjektet, endre emneplan, årsplan og retningslinjer no forankra både hos leiing og tilsette.

Prosjektgruppa som gjennomførte pilotprosjektet bestod av emneansvarleg, ein professor og ein høgskulelektor.

Det vart utarbeidd forskingsprosjekt som studentane i pilotprosjektet skulle få tilbod om å delta i. To prosjekt vart utvikla: *Pasientar med store og samansette behov* og *Pårørendeomsorg til personer med psykiske lidelser*.

Prosjektleiar/rettleiar hadde ansvar for alle formelle krav og søknader om godkjenning, rekruttering av dei som skulle intervjuast og utvikling av spørsmål til intervju. Prosjektleiarane hadde også ansvar for utvida undervisning i metode

og ekstra rettleiing på analyse av data, i tillegg til at dei var hovudrettleiarar for oppgåvene i sine respektive prosjekt.

I tillegg vart det arbeidd med ein prosjektplan for ein studie som skal rapportere studentane sine erfaringar med å delta aktivt i eit forskingsprosjekt, og skrive bacheloroppgåvene sine på bakgrunn av eigne innsamla data. Prosjektet fekk forenkla vurdering frå NSD 23.10.2017, prosjektnummer 56412.

## 4.2 Informasjon og rekruttering

I september 2016 informerte emneansvarleg sisteårsstudentane om pilotprosjektet, for å vekkje interesse, og såleis starte rekrutteringsarbeidet. I november same år presenterte prosjektleiarane kvart sitt forskingsprosjekt for dei same studentane. Deretter vart det sendt ut søknadsskjema for søknad om deltaking i empirisk prosjekt (vedlegg 4). Av søknadsskjemaet går det fram at studentane skulle grunngje kvifor dei ønskte å delta, kva kvalifikasjonar dei måtte ha, og kva vurderingskriterier vi vurderte dei etter. Vi kravde mellom anna karakteren C i sjukepleiefaga og etikk, jus og psykologi.

Kandidatane vart intervjua i januar 2017, og sju studentar fekk tilbod om deltaking.

## 4.3 Utarbeiding av planar og retningslinjer

### 4.3.1 Prosjektplan bacheloroppgåve i sjukepleie – empirisk studie

Vi tok utgangspunkt i gjeldande arbeidskrav for prosjektplan bacheloroppgåve som litteraturstudie (vedlegg 3), og omarbeidde dette slik at vi fekk med element som er særmerkte for forskingsprosessen. I prosjektplanen for empirisk studie (vedlegg 5), kravde vi ei grundigare beskriving av metode. Vi kravde derimot ikkje at studentane skulle gjere greie for søkeord og databaser, presentasjon av

innhald i forskingsartiklar for å belyse tema, forslag til drøftingsområder eller forslag til anna litteratur om tema, slik vi kravde av dei som skreiv ein litteraturstudie. Dette fordi studentane i dei empiriske studiane skulle ta utgangspunkt i prosjektplananane for dei to tilbydde prosjekta, og velje ut eitt av fleire forskingsspørsmål frå desse. Vidare måtte dei trekkje ut det mest relevante frå prosjektplananane sine innleiingar for bakgrunnsinformasjon til sine eigne prosjektplanar. Arbeidsmengde, rammer og vurderingskriterier for prosjektplan empirisk studie vart etter dette tilnærma lik prosjektplan for litteraturstudie.

### 4.3.2 Auka tidsramme for bacheloroppgåva

Det vart naudsynt å endre starttidspunktet for *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie* på grunn av at ei bacheloroppgåve basert på eigne innsamla data, kan krevje meir tid enn å basere oppgåva på gjennomgang av litteratur og tidlegare forsking. Tidsperioden for bacheloroppgåva i sjette semester vart utvida, for å førebygge ei for stor arbeidsbelastning for studentane. Vi vurderte å innlemme også femte semester, men dette ville ha medført ei utsetting av pilotprosjektet med eit halvt år. Tidsperioden for bacheloroppgåva som empirisk studie, vart difor utvida frå åtte til 16 veker i sjette semester (vedlegg 6).

### 4.3.3 Avtale om gjennomføring av bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt

Ved starten av pilotprosjektet, hadde studentane allereie godkjent studieplanen for vårsemesteret 2017. Endringar i studieplanen knytt til tilpassingar som pilotprosjektet kravde, går fram av *Avtale om gjennomføring av bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk prosjekt* (vedlegg 7). Først og fremst innehaldt denne avtalen ei oversikt over kva arbeidskrav som vart flytta/endra i emna *SK159 Førebuing til yrkeslivet* og *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie*. Vidare vart det gjort greie for rettleiingstilbodet, krav til prosjektleiarane, og vilkår for opphavsrett og publisering. Alle desse punkta inngjekk i avtalen, som måtte signerast av studenten før prosjektstart.

Denne avtalen sikra at studentane kunne endre tilbake til litteraturstudie som metode. Vidare sikra prosjektleiarane seg retten til dataa som vart innsamla, slik at dei kan publisere på desse, anten saman med studentane, eller med andre (vedlegg 8).

Alle studentane som skreiv bacheloroppgåvene sine basert på innsamla data i pilotprosjektet, har fått tilbod om å vere med på omarbeiding av oppgåvene med tanke på publikasjon.

### 4.3.4 Retningslinje for bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk studie

Retningslinja for bacheloroppgåva vart utarbeidd med utgangspunkt i eksisterande retningslinje for litteraturstudie (vedlegg 9). Det var i hovudsak innhaldet i metodekapittelet og resultatkapittelet som skilde den empiriske oppgåva frå litteraturstudie.

Oppgåva skulle vere utforma i høve retningslinjer for skriftleg arbeid og etiske retningslinjer for studentarbeid ved avdeling for helsefag. Her nytta vi avdelinga sine eksisterande retningslinjer.

I løpet av skrive- og rettleiingsperioden såg vi at det vart naudsynt å gjere mindre endringar i retningslinja for bacheloroppgåva (vedlegg 10). Endringane vart gjort i metode- og drøftingskapitla. I den første retningslinja kravde vi at studentane skulle vurdere og diskutere styrker og svakheiter ved metoden som var nytta. I tillegg skulle dei gjere greie for kjeldekritikk. Punktet om kjeldekritikk vart tatt bort, medan metodevurdering vart erstatta med å gjere greie for metoden sin reliabilitet og validitet. I drøftingskapitlet tok vi bort punktet om metodediskusjon, og at ein kunne diskutere resultata i forhold til eventuelle eigne erfaringar.

Endringane vart gjort fordi metodevurderinga allereie var gjort av prosjektleiarane, og fordi vi innsåg at krava om metodevurdering og metodediskusjon vart for høge på bachelornivå. Vi såg også at kjeldekritikk og diskusjon i forhold til eigne erfaringar var punkt frå retningslinja for

litteraturstudie, som er særmerkte for den oppgåvetypen, og som ikkje er vanlege i empiriske studiar og rapporteringa av dei.

## 4.4 Gjennomføring av undervisning og rettleiing i pilotprosjektet

### 4.4.1 Undervisning

Prosjektgruppa utarbeidde eit opplegg for undervisning og opplæring i korleis ein samlar inn data og analyserer desse. Det vart gitt tilleggsundervisning i kvalitativ metode med utgangspunkt i boka *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (Thagaard, 2018). Vidare vart det gitt ein gjennomgang av retningslinjer for prosjektplan og bacheloroppgåve som empirisk studie. Dernest vart det informert om tidspunkt og innhald for to rettleiingsdagar i løpet av praksisperioden.

### 4.4.2 Rettleiing

Rettleiingsdagane i høve analyse av data og framlegg av metode- og resultatkapittel vart leia av prosjektleiarane. I tillegg til prosjektleiarane, deltok ein høgskulelektor og ein førstelektor i rettleiinga av studentane. Dagane vart nytta til å legge frem data og analysere/tematisere desse. Studentane var inndelte i to grupper, ei gruppe for kvart forskingsprosjekt. Det vart nytta to intervjuguidar, ein for kvart forskingsprosjekt. Dermed kunne studentane samarbeide om analysering av dataa, og fordele dei mellom seg innanfor dei to gruppene. I tillegg til å analysere og tematisere funna, utforma dei også problemstilling, og avklarte dermed også kven som skulle bruke dei ulike dataa. Etter dette vart det gitt individuell rettleiing på oppgåvene etter behov. Dei studentane som skreiv parvis, fekk parvis rettleiing.

## 4.5 Status for gjennomføring av pilotprosjektet

Sju studentar starta i pilotprosjektet. Ein student valde å trekkje seg frå å skrive empirisk studie, og leverte ein litteraturstudie. Seks studentar fullførte prosjektet. To studentar skreiv parvis, dermed vart fem oppgåver framstilte for sluttvurdering. Alle oppgåvene vart vurderte til bestått resultat.

## 4.6 Studentinvolvering i forsking – sjukepleiarstudentar sine erfaringar med å delta i gjennomføringa av eit forskingsprosjekt

Det er gjennomført kvalitative intervju med dei seks studentane som gjennomførte pilotprosjektet, og skreiv bacheloroppgåvene sine basert på deira felles innsamla data. Desse intervjua er grunnlaget for å kunne svare på kva kunnskap og motivasjon studentane hadde til forsking tidlegare, korleis utdanninga førebudde dei til å delta i forsking og kva erfaringar dei fekk ved å delta. Resultata frå intervjua er rapporterte i studien *Studentinvolvering i forsking - sjukepleiarstudentar sine erfaringar med å delta i gjennomføringa av eit forskingsprosjekt* (Øygard et al., 2022). Artikkelen er publisert i tidsskriftet Uniped (vedlegg 11).

## 4.7 Rettleiarane sine erfaringar

Rettleiarane peikte på at ei hovudutfordring var kort tid til undervisning og rettleiing. I tillegg til undervisninga i kvalitativ metode, fekk studentane i prosjektet om pårørandeomsorg til personar med psykiske lidingar opplæring i analyseprogrammet NVivo. Bruken av dette programmet førte til ein del tekniske problem, som resulterte i nokre frustrasjonar, både for studentane og rettleiarane. Rettleiarane meinte også at studentane hadde for lite generell metodekunnskap frå tidlegare undervisning, og at dette kunne vere medverkande til at dei kanskje ikkje fekk fullt utbytte av det komprimerte metodekurset i prosjektet. Vidare erfarte rettleiarane at studentane hadde lite relevant

skrivetrening. Dette førte til at rettleiinga vart meir krevjande enn vi hadde sett føre oss, og studentane måtte få fleire rettleiingar enn skissert.

## 4.8 Samanfatning av erfaringar

Studentevalueringa synte at studentane hadde godt læringsutbytte av å delta i eit forskingsprosjekt (Øygard et al., 2022). Dei fekk ei særeiga forståing for og innsikt i heile forskingsprosessen, og sa at deltakinga var viktig for deira rolle som sjukepleiarar. Dei meinte at kunnskap om forsking og heile forskingsprosessen vil gjere dei i stand til å finne fram, kritisk vurdere og nytte forsking. Dette er kunnskap som vil vere sentral for å kunne levere tenester av god kvalitet, og sikre livslang læring.

Studentane sine positive erfaringar med deltaking i eit forskingsprosjekt, og støtte i forskings- og faglitteratur i forhold til at «å lære ved å gjere», gav grunnlag til å arbeide vidare med å implementere bacheloroppgåve i sjukepleie som empirisk studie i studieplanen.

Studentevalueringane gav også grunn for å gjere endringar i undervisninga i forskingsmetode. Denne omtalte studentane som «stykkevis og delt». Det var først etter at dei fekk spesialtilpassa metodeopplæring i pilotprosjektet, og ved å gjennomføre forskingsprosessen sjølve, at dei skjønte forskingsprosessen.

Rettleiarerfaringane er samanfallande med studentane sine erfaringar. Rettleiarane sakna i tillegg meir relevant skrivetrening, og høgre akademisk kunnskap før oppstart med bacheloroppgåva.

## 4.9 Forslag til endringar

Samstundes som arbeidet med å evaluere pilotprosjektet føregjekk, arbeidde ein også med å samordne utdanningane i HVL på tvers av campus. HVL, Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) tilbyr bachelor i sjukepleie på fire campus, og i samband med ny *Forskrift om felles rammeplan for helse- og*

*sosialfagutdanninger* (Kunnskapsdepartementet, 2017), gjorde FHS vedtak om å utvikle og samordne dei ulike bachelorutdanningane ved fakultetet. Med bakgrunn i dette vedtaket, og den nye forskrifta for sjukepleiarutdanning, *Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning* (Kunnskapsdepartementet, 2019), gjorde Institutt for helse- og omsorgsvitskap vedtak om at alle bachelorutdanningane i sjukepleie ved HVL skal ha ein felles studieplan. Konsekvensen av dette var at alle emneansvarlege fekk beskjed om å gjere minst mogleg endringar i eksisterande emneplanar. Vi bestemte difor at våre forslag til endringar skulle spelast inn til aktuelle arbeidsgrupper, som utarbeidde det faglege innhaldet i emneplanane.

I den nye studieplanen, godkjend 11.12.2019, ser vi at fleire av våre innspel er implementerte. Vi tenkjer at det viktigaste forslaget til endring i studieplanen, er vedtaket om eit felles innføringsemne *SYK110 Danning og akademisk handverk*. Dette blir eit fellesemne for heile HVL, der 5 stp. er felles og 2,5 stp. er retta inn mot særpreg i dei ulike fakulteta. Emnet skal gå i det første semesteret av studiet, og blir studentens første møte med Høgskulen på Vestlandet sitt faglege og sosiale fellesskap.

Innhaldet i emnet er: etikk, vitskapsteori, vitskaplege metodar, berekraft, akademisk skriving, informasjonskompetanse, kjeldebruk og plagiering, kommunikasjon, samarbeid, konfliktløysing og profesjonshistorie.

Dei læringsutbytta i forslaget som er mest relevante for bacheloroppgåve i sjukepleie er:

- kunnskap om vitskaplege arbeidsmetodar og forskingsbasert kunnskap
- finne, vurdere og bruke ulike kunnskapskjelder og digitale verktøy i eiga kunnskapsbygging
- drøfte sentrale problemstillingar i vitskapanes og etikkens teori
- kunne utvikle, revidere og ferdigstille ein fagleg tekst som tilfredsstiller dei akademiske krava
- kunne identifisere og klargjere potensielle etiske dilemma og etiske val i arbeidslivet

Dette emnet vil bidra til at studentane får meir samanhengande undervisning i metode, og tidlegare trening i å skrive akademiske tekstar. Rettleiarar på empiriske bacheloroppgåver vil truleg også få studentar med høgre faglege og akademiske ferdigheiter. Slik vi ser det, svarer dette emnet på hovudutfordringa, som både studentane og rettleiarane erfarte, i samband med å skrive empiriske bacheloroppgåver.

Andre viktige faktorar som vi ser som viktige for implementering av bacheloroppgåve som empirisk prosjekt er:

- At arbeidet med oppgåva skal føregå jamt over heile 3. studieår
- Målet med bacheloroppgåva er å belyse ny kunnskap, bidra til kvalitetsutvikling og innovasjon i sjukepleie
- Oppgåva kan ha følgjande form:

    1. Litteraturstudium, to alternativ:
        - Alternativ A: Knytt opp mot avgrensa problemstilling
        - Alternativ B: Systematisk oversikt av litteraturfagkunnskap innan eit felt

    2. Essay basert på erfaringskunnskap og som drøftast ved hjelp av relevant fagkunnskap og forsking

    3. Empirisk oppgåve, to alternativ:
        - Alternativ A: Basert på eigen innsamling av data
        - Alternativ B: Basert på deltaking i eit pågåande forskings- eller fagutviklingsprosjekt

- Val av form på oppgåve gjerast i samråd med rettleiar

Etter den nye studieplan skal ein student etter fullført emne ha følgjande totale læringsutbytte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten...

- har brei kunnskap om sentrale verdiar og omgrep i sjukepleie som fag og profesjon
- har kunnskap om vitskapsteori, forskingsmetode og forskingsetikk
- har kunnskap om korleis ein kan oppdatere sin fagkunnskap

*Ferdigheiter*

Studenten...

- kan nytte fagleg kunnskap om helse, sjukdom og samfunn
- kan meistre eit systematisk litteratursøk, nytte og kritisk vurdere forskingsresultat og anna akademisk litteratur
- kan nytte fagleg kunnskap og relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid i teoretiske og praktiske problemstillingar, og kan treffe grunngjeve val i tråd med kunnskapsbasert praksis
- kan reflektere over og handtere faglege, etiske og juridiske problemstillingar
- kan reflektere over eksisterende rutiner og metoder, og kan ta initiativ til implementering av ny kunnskap og innovasjon
- kan finne, vurdere og vise til akademiske tekster på engelsk

*Generell kompetanse*

Studenten...

- kan planlegge og gjennomføre eit prosjekt
- kan planlegge og gjennomføre eit systematisk akademisk arbeid
- kan formidle sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftlig og munnleg
- kan formidle synspunkt og dele erfaringar med andre innanfor fagområdet og gjennom dette bidra til utvikling av god praksis

# 5 Vegen vidare

Framover no vil vi følgje opp prosessen knytt til utarbeiding av retningslinjer for bacheloroppgåva for alle bachelorutdanningane ved HVL. Vidare vil vi delta aktivt i utforminga av emnet SYK110 *Danning og akademisk handverk*, med særleg fokus på innhald i den delen på 2,5 stp. som er retta inn mot dei ulike fakulteta. I tillegg vil vi informere alle forskingsgruppeleiarane i HVL om erfaringar frå pilotprosjektet, både rettleiarane og studentane sine erfaringar. Deretter blir det viktig å informere alle tilsette om moglegheita for å invitere studentar med i eigne forskingsprosjekt, og at ein kan inkludere rettleiingsressursen for rettleiing på bacheloroppgåve til dette. Sist, men ikkje minst, vil vi informere om funna våre til ei nystarta gruppe som ser på aktuelle tema for forskingssamarbeid mellom HVL og Helse Førde. Målet er å bidra til å samle alle forskingsprosjekt som er aktuelle for studentdeltaking i ein felles katalog.

# Litteraturliste


Burke, L. E., Schlenk, E. A., Sereika, S. M., Cohen, S. M., Happ, M. B. & Dorman, J. S. (2005). Developing Research Competence to Support Evidence-Based Practice. *Journal of professional nursing*, *21*(6), 358-363. https://doi.org/10.1016/j.profnurs.2005.10.011

Christie, J., Hamill, C. & Power, J. (2012). How can we maximize nursing students' learning about research evidence and utilization in undergraduate, preregistration programmes? A discussion paper. *Journal of Advanced Nursing*, *68*(12), 2789-2801. https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.2012.05994.x

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Gyldendal akademisk.

Hansen, K. K. & Kahn, P. R. (2016). Studenter som forskerteam. *Uniped*, *39*(03), 228-239. https://doi.org/10.18261/issn.1893-8981-2016-03-04

Høgskulen på Vestlandet. (2019a). *Forsking*. https://www.hvl.no/forsking/

Høgskulen på Vestlandet. (2019b, 4. juli). *Sjukepleiaren sitt ansvar i kvalitetsutvikling og forsking (SK151)*. https://www.hvl.no/emnearkiv/?q=SK+151&filter=emne&performsearch=Finn+emner#

Jacobsen, H. E. & Andenæs, R. (2011). Third year nursing students' understanding of how to find and evaluate information from bibliographic databases and Internet sites. *Nurse education today*, *31*(8), 898-903. https://doi.org/10.1016/j.nedt.2011.01.003

Johnson, N., List-Ivankovic, J., Eboh, W. O., Ireland, J., Adams, D., Mowatt, E. & Martindale, S. (2010). Research and evidence based practice: Using a blended approach to teaching and learning in undergraduate nurse education. *Nurse education in practice*, *10*(1), 43-47. https://doi.org/10.1016/j.nepr.2009.03.012

Kunnskapsdepartementet. (2008). *Rammeplan for sykepleierutdanning*. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/rammeplaner/helse/rammeplan_sykepleierutdanning_08.pdf

Kunnskapsdepartementet. (2013). *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*. (Meld. St. 18 (2012-2013)). Kunnskapsdepartementet. https://www.regjeringen.no/contentassets/9f8d4da472c04edf8cabee3fed441b3d/no/pdfs/stm201220130018000dddpdfs.pdf

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger*. https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-06-1353?q=forskrift%20om%20felles%20rammeplan%20for

Kunnskapsdepartementet. (2019). *Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning*. https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-03-15-412

